

## - KUNNGJERING -

### **Clemens Kraft AS - søknader om løyve til å bygge tre småkraftverk i Hjelmeland og Forsand kommunar i Rogaland.**

NVE har mottatt tre søknader frå Clemens Kraft AS om løyve etter vassressurslova og vassdragsreguleringslova til å byggje tre kraftverk og regulere Hiavatnet og Sandvatnet i Hjelmeland og Forsand kommunar. Småkraftverka vil gje ein årleg kraftproduksjon på 84 GWh. Dette svarar til straumbruken til om lag 4200 husstandar.

I samband med søknadane vil NVE arrangere **eit offentleg folkemøte på Høiland Gard i Årdal onsdag 26.4.2017 kl. 19.00**. Her vil søkjar informere om prosjekta i Hjelmeland og Forsand, og NVE vil orientere om behandlinga av søknadane. Det vil vere anledning til å stille spørsmål.

Søknadane med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på kundesenteret på kommunehuset i Hjelmeland, og på NVE sine nettsider [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) fram til høyringsfristen går ut. Søknaden om Sandvassåna kraftverk er i tillegg lagt ut til offentleg ettersyn på servicetorget på kommunehuset i Forsand. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Clemens Kraft v/ Magnhild Roe på tlf.: 99 55 96 93 eller e-post: [magnhild.roe@clemenskraft.no](mailto:magnhild.roe@clemenskraft.no). Fråsegn kan sendast oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo innan **7.6.2017**.

<b>Kommune</b>	<b>Namn</b>	<b>Søkar</b>	<b>MW</b>	<b>GWh</b>
Hjelmeland og Forsand	Sandvassåna kraftverk	Clemens Kraft AS	5,5	15,7
Hjelmeland	Lyngsåna kraftverk	Clemens Kraft AS	9,5	28,4
Hjelmeland	Storåna kraftverk	Clemens Kraft AS	9,5	39,9